

Årsmelding for Masfjorden sokn 2021



Innleiing

Tek ein eit raskt attendeblick på korleis året 2021 arta seg for Den norske kyrkja i Masfjorden, ser ein at det har vore eit år med utfordringar, men også med gleder :

Smittevernsituasjonen til trass har ein gjennomført 56 gudstenester. Det vil seie at ein berre har halde stengt i tråd med nasjonale føreseger, og i den grad det ikkje har vore mogleg å få til alternative løysingar.

Også andre aktivitetar i regi av kyrkja er blitt gjennomførte i tråd med planane, om enn i litt endra former for nokre av dei sin del. Dette skuldast også omsyn til smittevern.

I Frøyset kyrkje har ein no fått eit flunkande nytt digitalt orgel på plass, og det er blitt ei løysing som det ser ut til at alle er godt nøgde med.

Ein er komen à jour med soknet sin økonomi, og det er vidare etablert gode samarbeidsrutinar for rekneskap og revidering.

2021 representerte eigledeleg endring med omsyn til barnedåp. I løpet av dette året vart det totale antalet dåpsborn like høgt som summen av dei to føregåande åra. Ein hyggeleg trend er at foreldre med oppvekst i Masfjorden, men som bur i andre kommunar, har ynskt å døype borna i kyrkja dei sjølve er døypt i.

Om soknerådet / fellesrådet

Masfjorden sokneråd har i 2021 vore sett saman slik :

- Rune Garman, leiar,
- Dina Merete Kallestad Dyrhovden, nestleiar,
- Bente Kvamsdal Håvåg,
- Ragnvald Tangedal,
- Gunnar Andvik,
- Anne Marit Birkeland Fredriksen,
- Harald Mjanger,
- Atle Nordland,
- Maja Aven Dahle,
- Aril Andvik,
- Torbjørn Sæle, geistleg representant.

Vararepresentantar til soknerådet er:

- Jan Otto Daae
- Leif Bjarne Haukeland
- Ingfrid Olaus Hansen Sleire
- Svein Birger Haugsdal
- Annbjørg Ynnesdal

Sidan det berre er eitt sokneråd i Masfjorden, fungerer soknerådet som fellesråd i saker som etter lova skal handsamast av fellesrådet. Når soknerådet fungerer som fellesråd, tiltrer ein kommunal representant, som i denne perioden er

- Torill Torsvik Størkersen

Kyrkjevevja er sekretær for sokneråd/fellesråd, og har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Det vart i 2020 halde totalt 9 møte i sokneråd/fellesråd, der ein til saman handsama 35 fellesrådssaker og 24 soknerådssaker. Grunna koronasituasjonen vart seks av desse møta haldne digitalt. Dei fysiske møta vart fordelte slik at det i løpet av året er halde eitt møte i kvar kyrkjeirins. Røynslene med digitale møte har vore blanda. Ein fordel med digitale møte er at ein slepp å bruke tid på reising til og frå ein møtestad. Ei ulempe med slike møte er at dei krev litt av deltakarane når det gjeld utstyr og teknisk kompetanse. Ein har vel også sett at det ikkje alltid har vore like lett å gjennomføre meir omfattande diskusjonar digitalt . Men det er grunn til å tru at både digitale og fysiske møte vil verte nytta i tida som kjem.

Forutan ulike saker knytte til den lokale drifta av Den norske kyrkja i Masfjorden, har soknerådet/fellesrådet arbeidd med eit høyringsdokument som gjeld framtidig organisering av Den norske kyrkja. Det er spesielt to problemstillingar som vart lagt særskilt fokus på:

- Den eine gjeld organiseringa av dei kyrkjeleg tilsette. I dag er det to arbeidsgjevarlinjer, ei for dei geistlege, og ei for alle dei andre. Det er gjort framlegg om å etablere ei felles arbeidsgjevarline for alle, ved at dei som i dag er tilsette av fellesråda i den einskilte kommunen, får kyrkja som arbeidsgjevar.
- Den andre gjeld korleis kyrkja skal organiserast og styrast. Eitt spørsmål her er i kva grad den noverande prostistrukturen vil vere tenleg.

I diskusjonen vart det tydeleg gitt uttrykk for ein uro for at ei nyorganisering av kyrkja kunne medføre større avstand mellom dei lokale kyrkjelydane og kommunen dei ligg i. Den norske kyrkja i

Masfjorden har eit tett og godt samarbeid med Masfjorden kommune, og opplever at det er stor velvilje blant kommunepolitikarane våre for det som kyrkja bidreg med i lokalsamfunnet. Dette er ein viktig ressurs som vi på ingen måte vil bidra til å skusle bort!

Dersom høyringssvaret vårt vert gjort offentleg før denne årsmeldinga går i trykken, vil det verte lagt inn ein peikar til det her, slik at ein kan finne det på nettet. Alternativt vil det verte lagt ut ein peikar på heimesida til kyrkja vår.

Om kyrkjeutvala...

Kyrkjeutvala er sett saman av personar som stod på lista til soknerådsvalet for perioden, og som har bustad i kyrkjekrinsen. Leiar for kvart kyrkjeutval er medlem av soknerådet. På den måten ynskjer ein å oppnå god kontakt mellom sokneråd og kyrkjeutval.

Kyrkjeutvala er sett saman slik :

Frøyset kyrkjeutval

Ragnvald Tangedal, leiar
Jan Otto Daae
Annbjørg Ynesdal
Ingfrid Sleire
Gunn Tove Skår

Sandnes kyrkjeutval

Gunnar Andvik, leiar
Leif Bjarne Haukeland
Svein Birger Haugsdal
Linn Andvik Lahti
Harald Mjanger

Solheim kyrkjeutval

Bente Kvamsdal Håvåg, leiar
Asle Sletten
Joakim Haugsvær
Maria Haukeland
Torfinn Aga

Kyrkjeutvala har hatt fokus på ulike oppgåver knytt til den einskilde kyrkja og hendingar og tilskipingar der. Utvalsmedlemene har vore kyrkjevertar, og dei har eit visst ansvar for tilsyn med si kyrkje og tilhøyrande kyrkjegardar. Dette ansvaret vil verte tydeleggjort i 2022. Det er også kyrkjeutvala som har hatt ansvar for distribusjonen av «Masfjordingen» rundt om i grendene våre, og dei har stilt opp som sjåførar under Fasteinnsamlinga.

Kyrkjeutvala har teke på seg viktige oppgåver og løyst dei på ein fin måte, og det er all grunn til å takke kvar og ein av utvalsmedlemene for fin innsats i året vi har bak oss.

... og andre utval

Ein har etablert eit administrasjonsutval som skal arbeide med personalforvaltning, beståande av Rune Garmann og Dina Dyrhovden som arbeidsgjevarrepresentantar og Helga Ekehaug som arbeidstakarrepresentant. I inneverande år har dette utvalet hatt oppe ei sak.

Ein har også etablert eit arbeidsutval som skal fungere som saksførebuande organ for soknerådet, og som soknerådet kan delegere avgrensa mynde til, til dømes i ferietida. Arbeidsutvalet, som er sett saman av sokneprest, kyrkjevert og soknerådsleiar, har rutinemessig vore samla for å førebu soknerådsmøta innan innkallinga til desse går ut. Det er ei ordning som har fungert godt. Det høyrer med at soknerådsleiar også er blitt halden kontinuerleg orientert om saker som dei tilsette har hatt oppe på stabsmøta.

Soknerådet har også hatt ein representant i ei gruppe som har arbeidd med konfirmantundervisninga.

I 2021 har kommunen sin representant i Fellesrådet samt soknerådsleiar delteke i ei arbeidsgruppe som har sett på framtida til Frivilligsentralen i Masfjorden. Meir om dette seinare i årsmeldinga.

Om dei tilsette i kyrkja i Masfjorden

Tilsette i Nordhordland prosti

Torbjørn Sæle har vore vår sokneprest på engasjement i heile 2021. Vi har opplevd Torbjørn som ein engasjert og engasjerande sokneprest, som er blitt vel motteken av folk i grendene våre. Vi er difor svært takksame for at Torbjørn har sagt seg villig til å vere vår sokneprest også i året vi no er inne i.

Tilsette og andre medarbeidarar i Masfjorden sokn

I tillegg til soknepresten er det fire personar i staben. Eli Eidsnes, arbeider som kyrkjevevjer i ei 50% stilling, og har dessutan stillinga som sekretær ved kontoret i 30%.

Øvrige tilsette i staben er

- Kyrkjelydsmusikar Anne Merethe Reknes, 70%,
- diakoni- og trusopplæringsleiar Helga Ekehaug, 100%, (*av desse 20% som leiar av Frivilligsentralen*),
- kyrkjegardsarbeidar Remi Kallekleiv, 80%.

Til saman dannar dei eit velfungerande team, som kvar på sitt vis bidreg til at kyrkja i Masfjorden gjev medlemene sine gode tenester. Det fortener dei stor takk for.

Det er også tilsette som har sin arbeidsplass ved dei einskilde kyrkjene:

- Alima Tomor er kyrkjetenar, 10%, ved Frøyset kyrkje.
- Eldbjørg Mjanger er klokkar/kyrkjetenar 1,97% på Granneheimen.

Men delar av arbeidet i kyrkjene vert utført av folk som ikkje er tilsette i kyrkja.

- I Sandnes kyrkje er det ein avtale med Sandnes skulemusikk om at dei har ansvar for kyrkjetenar- og klokkeoppgåvene.
- I Solheim kyrkje er det ein tilsvarende avtale med Solheim helselag.
- I Frøyset kyrkje er det Nordbygdas skulekorps som skjøttar klokken sine oppgåver.

Desse laga får godt gjort arbeidet etter eigne avtalar. Og alle fortener takk for god innsats!

Status for kyrkjer og gravplassar

Soknerådet i Masfjorden har ansvar for ettersyn og vedlikehald av tre kyrkjer og seks gravplassar. Det har i løpet av dei siste åra vore utført eit stort arbeid med opprusting av kyrkjene våre. Ikkje minst var innkjøp av nytt orgel i Frøyset kyrkje eit omfattande prosjekt. Men framleis er det mykje som står att. Nokre av vedlikehaldsoppgåvene som står att, må finne si løysing innan kort tid for å hindre at det oppstår større fylgjeskadar på kyrkjebygga.

Heldigvis har kommunepolitikarane teke dette til etterretning, og i 2021 løyvd 500.000 kroner ekstra som eit bidrag til å ta att etterslepet. Desse midlane vil verte nytta i 2022, i samråd med teknisk etat som vil bidra med bygningsfagleg kompetanse. Tiltaka vil verte prioritert med utgangspunkt i konsekvensane ved ikkje å gjere noko med det tiltaka skal avbøte.

Delar av arbeidet med oppgradering av gravplassane måtte setjast litt på vent i 2021, av praktiske omsyn. Men ein reknar med at ein i løpet av sommaren vil begynne å ta att etterslepet.

Økonomisk status for kyrkja i Masfjorden

I tråd med gjeldande tenesteleveringsavtale mellom Masfjorden kommune og Masfjorden sokn fører kommunen rekneskapen for soknet. Ein nyttar også same revisor.

Ein har i løpet av året arbeidd med å få til betre samarbeidsrutinar mellom kyrkjekontor og kommunen si økonomiavdeling, slik at det til ei kvar tid vert lettare å ha eit oversyn over den økonomiske situasjonen i kyrkja. Det gjer det enklare å sjå kva økonomisk ryggdekning ein har for å setje i gang ulike tiltak.

Masfjorden sokn «arva» eit akkumulert underskot frå tida då det var tre sokn i kommunen, og det har vore gjort ein stor innsats for å kome i økonomisk balanse. Dette er dels oppnådd ved mindre bruk av budsjetterte lønsmidlar, og ved å setje nokre planlagde prosjekt på vent. Også i 2021 har dei som har verv i soknet, bidrege aktivt gjennom å seie frå seg godtgjersle for verv og honorar for møte.

Det har vore ein god og gledeleg auke i inntømte offermidlar til eige arbeid, dette til tross for at ein av smittevernomsyn har måtta endre rutinane ved offer under gudsteneste. Auken kan tolkast som eit teikn på at folk ynskjer å støtte arbeidet som skjer i soknet vårt. Samstundes synleggjer store endringar frå år til år at det kan vere vanskeleg å vite kva ein faktisk kan rekne med nytte av midlar frå eitt år til eit anna. Ulike tiltak, som t.d. etablering av ei gjevarteneste, har vore lauseleg drøfta. Men enno er ikkje noko av dette realisert.

Om arbeidet i sokna og i kyrkja i 2021



Også i 2021 er det ein faktor som meir enn noko anna har påverka det kyrkjelege arbeidet: Covid-19. Kyrkja strekte seg langt for å få til eit nokolunde normalt gudstenesteliv innan dei rammene ein hadde å rette seg etter. Av smittevernomsyn vart nokre tillyste arrangement avlyste eller flytta i tid. Til dømes vart konfirmasjonane som skulle vore arrangert i mai, utsette til hausten.

Røynslene med denne flyttinga var sopass gode at soknerådet har vedteke å leggje også konfirmasjonssøndagane i 2022 til hausten, og så i ettertid evaluere ordninga med tanke på eventuelt å gjere henne permanent.

Omsyn til smittevern har gjort det vanskeleg å halde oppe andre aktivitetar på eit tilnærma normalt nivå. Dette har fått konsekvensar for tilbodet til barn og unge, og også for tilbodet til dei eldre. Men dei som driv dette arbeidet, skal ha ros for å vere løysingsorienterte, og i ettertid ser ein at mange av dei planlagde tiltaka likevel vart gjennomførde, om enn i ein litt annan form enn det ein elles erva med.

Her kjem eit kort oversyn over noko av det som er blitt gjennomført, coronasituasjonen til trass :



Det vart skipa til eigne gudstenester for fire- og tiåringane med utdeling av bøker til desse.

Tårnagenthelga vart gjennomført i Frøyset kyrkje i november.

Samlingar for mellomtrinnselevar i bedehuset på Haugsvær – sjå bilete attmed.

Det årlege «Lys vaken»-arrangementet vart gjennomført i Solheim kyrkje i februar, men utan overnatting.

Det har vore gjennomført utandørs samlingar for konfirmantane, samt konfirmantleir på Fjon fjellkyrkje – sjå bilete under.



I november var det skipa felles konfirmantfest i Stordalen for 2020- og 2021-kullet.

Same helga vart det halde ungdomsleir i Stordalen.

«Haustakkefest» for medarbeidarar.

I den grad smittevernsituasjonen har gjort det mogleg, har det vore songstund og andakt på Masfjorden sjukeheim annakvar veke.

Påsken 2021 vart svært spesiell: Med unntak av ei gudsteneste på sjukeheimen skjærtorsdag vart det ikkje gjennomført ei einaste gudsteneste med fysisk frammøte. Men det kom ikkje til å bety at kyrkja stengde dørene heilt: I påsketida vart det skipa ein temakveld i kvar av kyrkjene våre, der soknepresten vår heldt eit foredrag med musikk: «Påsken i Peters perspektiv». Og sidan det ikkje let seg gjere å samlast til gudsteneste i påsken, valde ein å sende ei skriftleg påskehelsing i postkassen til alle innbyggjarane i kommunen.



Dessutan vart det laga til to digitale innslag: Til Langfredag hadde soknepresten førebudd ein minnetale over Jesu liv, og denne var spelt inn i Solheim kyrkje. Og til 1. påskedag var det laga til ei forenkla påskekudsteneste, spelt inn i Frøyset kyrkje. I denne gudstenesta bidrog elevar frå Nordbygda skulekorps med vakkert spel.

Tilliks med påskehøgtida i 2021 la Covid-19 føringar på korleis vi i Masfjorden kunne høgtide 17. mai. Men det vart laga ei digital 17. mai-feiring som vart lagt ut på masfjordingen.no, og der bidrog kyrkja med ei innspeling av ei særskilt 17. mai-gudsteneste frå Solheim kyrkje.



Fagert er landet du oss gav, Herre, vår Gud og vår Fader!

Dette skjedde med deltaking av bygdefolk, og i samarbeid med Masfjorden kulturskule, som i alle år har vore ein god samarbeidspartnar for kyrkja. Ein varm takk til alle som var med og bidrog til gjennomføringa av dette!

Også på andre måtar er kyrkja blitt meir synleg på digitale plattformer. Ein har alt i fleire år nytta sosiale plattformer som Facebook. Heimesida til kyrkja er også teken i bruk på ein heilt annan og langt meir aktiv måte enn før. Ikkje berre er heimesida ein informasjonskanal for kyrkja ut mot innbyggjarane, men ho er også i ferd med å verte ein kanal for folk som ynskjer kontakt med kyrkja, til dømes for å få utført ei eller anna teneste. Dette kan bidra til at kyrkja vert lettare tilgjengeleg.

Etter kvart som ein får meir røynsle med å bruke heimesida til informasjon og anna, kan ein difor forvente at ho vert ein stadig viktigare kanal for kyrkja i Masfjorden, saman med «Masfjordingen».

For sjølv om ein etter kvart opnar for at meir og meir informasjon kan formidlast digitalt, er det tydeleg at «Masfjordingen» ikkje har utspelt si rolle som meldingsblad for kyrkja i Masfjorden og Masfjorden kommune. Og det er grunn til å berømme innsatsen til dei som på ulikt vis syter for at bladet kjem ut, anten det er ved å kome med stoff til bladet, ved å formgi og trykkje det, eller ved å distribuere det til alle som bur i kommunen vår.

Heilt utan fysiske møte har ein slett ikkje vore: Det vart gjennomført gudstenester i alle kyrkjene og i Granneheimen i tråd med oppsett plan og innanfor dei rammene som til ei kvar tid vart sett av omsyn til smittevern. Soleis vart det på Helgemessesundag 7. november gjennomført minnegudstenester for avlidne i alle tre kyrkjene våre.

I løpet av dei tre sommarmånadane har det også vore gjennomført totalt fire utandørs samlingar – ei friluftsgudsteneste i kvar av kyrkjekrinsane våre, samt ei friluftsgudsteneste som ein del av programmet på Bjørn West-marsjen.

Før jul fekk alle barnehagane vitjing av «julevandringa», medan julegudstenestene ved skulane måtte avlysast av omsyn til smittevern.

Til sist skal nemnast ein annan faktor som til ein viss grad påverkar i det minste ein del av det kyrkjelege arbeidet: Ny lokal grunnordning for hovudgudstenesta i Masfjorden vart teken i bruk fyrste pinsedag, 23. mai. Store endringar vart det ikkje, for liturgien som dei tidlegare sokneråda hadde vedteke for sine sokn, var i store trekk lik det som no er normen. Men med dette vert liturgien gjennomført på same vis i alle kyrkjene våre.

Masfjorden sokn i tal

Tala under er nøkkeltal for Masfjorden sokn, henta frå årsrapporten til Nordhordland prosti :

Antal søndagsgudstenester	51	Antal deltakarar på søndagsgudsteneste	1713
Antal andre gudstenester	5	Antal deltakarar på andre gudsteneste	244
Antal nattverdsgudstenester	25	Antal nattverdsgjester	247
Antal døypte	22	Antal konfirmerte	14
Antal vigslar	3	Antal gravferder	12
Innmelde	0	Utmelde	5
Offergåver i kr.	58.929		

I denne samanhengen er det gledeleg å kunne konstatere at det har vore ein fin auke i talet på døypte samanlikna med tidlegare år. Kyrkja har strekt seg langt for å tilretteleggje for dette, til dømes ved å skipe til eigne dåpsgudstenester for at så mange som råd frå familiane skulle ha høve til å vere til stades.

Tider skal komme

Kyrkja si rolle i eit lokalsamfunn er ikkje hogd i stein. Med skiftande tider og skiftande behov er det viktig at kyrkja evnar å tilpasse seg slik at vi som bur her i Masfjorden tilei kvar tid opplever at vi har ei levande og nærverande kyrkje blant oss.

Det kan bety at oppgåver som tidlegare er blitt tillagt kyrkja, vert overtekne av andre. Eit døme på dette er Frivilligsentralen i Masfjorden, som tidlegare var eigd i fellesskap av dei tre sokna i Masfjorden, og pr. i dag er eigd og driven av Masfjorden sokn.

Soknerådsleiaren og kommunen sin representant i Fellesrådet har saman med ein representant for kommuneadministrasjonen, ein representant for dei frivillige laga og organisasjonane i kommunen, samt dagleg leiar i Frivilligsentralen, vore medlemer i ei arbeidsgruppe som har sett på framtida til Frivilligsentralen i Masfjorden. Nemnda si innstilling vart å overføre eigarskapet til sentralen til Masfjorden kommune, og kommunestyret og soknerådet har begge gitt sin tilslutnad til dette. Venteleg vert Frivilligsentralen driven som før ut 2022, før han vert kommunal 1. januar 2023.

Men dette betyr ikkje at kyrkja vil få færre oppgåver å ta vare for. I staden vil kyrkja i større grad kunne rette merksemda mot andre tiltak som styrker kyrkja sin posisjon som ein viktig og synleg aktør i grendene våre. Det skal framleis vere eit mål at kyrkja si dør er open for alle, og alle skal kjenne seg heime i henne.

Eit viktig arbeid for sokneråd/fellesråd vil vere å sjå på kva ein kan gjere for å oppnå dette. Sentralt har kyrkja utarbeidd ein strategi, som vi i soknerådet/fellesrådet må sjå på og konkretisere inn mot våre tilhøve. Eit slikt arbeid er alt i gang: Hausten 2021 vart det vedteke eit årshjul for sokneråd / fellesråd som skal vere eit støttedokument for planmessig arbeid med ulike emne i løpet av året.


Neste steg vil vere å utvikle planar for ulike delar av arbeidet i kyrkja vår, og arbeide desse inn i årshjulet, slik at arbeidet både vert konkretisert og synleggjort, og at resultatet av arbeidet som skjer i tråd med planane vert evaluert i rett tid. Det kan i fyrste omgang vere naturleg å sjå på to aktivitetsområde, diakoni og kultur.

I mange år har arbeidet i og med Frivilligsentralen vore ein viktig del av det diakonale arbeidet i dei tidlegare sokna våre, og i det siste også i Masfjorden sokn. Men no er det i gang ein prosess med å gjere Frivilligsentralen kommunal, og Masfjorden sokn bør difor sjå på kva måte ein no skal støtte opp om det diakonale arbeidet.

På same måte vil det vere ynskjeleg å sjå kva rolle kyrkja kan spele i det kulturelle livet i grendene våre. Tradisjonelt sett har kyrkjene vore arenaar for ulike kulturelle hendingar, frå konsertar av ulikt slag, til utstillingar og teaterframsyningar.

Dette kan vere ein god måte for folk som kan hende ikkje er så tett knytte til kyrkja sin kristne bodskap, til å erfare at kyrkja er ein god stad å vere for alle.

I løpet av året 2022 vil ein setje i gang ein prosess for å sjå nærare på korleis vi skal få til ei satsing på desse to aktivitetsområda.



Eit anna viktig arbeid for sokneråd/fellesråd framover handlar om å sjå på korleis ein kan tilføre meir ressursar til staben. Det er fleire grunnar til at dette er viktig :

I dei to åra som Masfjorden sokn har eksistert, har det ikkje vore samsvar mellom arbeidsmengd og tilmålt arbeidstid for dei administrativt tilsette. Dette har blitt svært synleg i denne perioden vi no er i ferd med å kome gjennom, der spesielt kyrkjevevja har måtta nytte mykje tid og ressursar på å samordne og sameine dei tre tidlegare sokna til eitt sokn.

Men ein kan ikkje rekne med at denne mangelen på samsvar mellom arbeidsmengd og tilmålt arbeidstid vil forsvinne når ein kjem inn i meir etablert drift, dette av fleire grunnar :

Det er naudsynt å få på plass og å ta i bruk nye administrative rutinar og verktøy på kyrkjekontoret. Når ein må gjere dette samstundes med at dei daglege rutinane – som det i utgangspunktet er i knappaste laget med ressursar til – skal oppretthaldast, seier det seg sjølv ei styrking av stillingsressursen til kyrkjevevja vert viktig.

Ein skal også ha i mente at ein velfungerande stab lokalt er ein viktig faktor for å sikre god kontinuitet i arbeidet kyrkja gjer i grendene våre. Då kan ein ikkje tillate at dei tilsette må gjere delar av jobben «på dugnad» for at det heile skal gå rundt.

Men sokneråd og fellesråd kan gå inn i dette arbeidet med stort frimod. Ein kan glede seg over stor velvilje blant kommunepolitikarane for å sjå til at Den norske kyrkja i Masfjorden er i stand til å yte dei ynskte tenestene til dei som bur i grendene våre. Og det er all grunn til å tru at denne velviljen avspeglar dei haldningane dei fleste masfjordingane har til kyrkja si: Kyrkja er ein viktig del av livet i kommunen.

Det er opp til kvar og ein av oss som meiner dette, å sjå til at det vert slik i åra som kjem også.

Hosteland, den 27. januar 2022



Leiar, Masfjorden sokneråd